



Lokalt gitt munnleg eksamen

KJENNETEIKN PÅ MÅLOPPNÅING					SAMFUNNSFAG	
Elev:		Klasse:		Skule:		Karakter:
Det blir lagt vekt på at eleven meistrar dei ulike områda i faget. Notat frå førebuingdelen skal ikkje vera ein del av vurderingsgrunnlaget.						
Kjerneelement	KARAKTER 2		KARAKTER 4		KARAKTER 6	
Undring og utforskning	<ul style="list-style-type: none"> Eleven reflekterer over og vurderer i enkel grad informasjon frå kjelder for å klargjera samfunnsfaglege tema/ problemstillingar. 		<ul style="list-style-type: none"> Eleven reflekterer over og vurderer i noko grad informasjon frå kjelder for å klargjera samfunnsfaglege tema/problemstillingar frå fleire sider. 		<ul style="list-style-type: none"> Eleven reflekterer over og vurderer informasjon frå kjelder og tilgang på kjelder for å klargjera samfunnsfaglege tema/problemstillingar frå fleire sider. 	
Samfunnskritisk tenking og samanhengar	<ul style="list-style-type: none"> Eleven bruker eit avgrensa utval samfunnsfaglege metodar og grunngir val av metode. Eleven forklarar ut frå eit avgrensa utval av årsak-og verknadsforhold. 		<ul style="list-style-type: none"> Eleven bruker ulike samfunnsfaglege metodar og reflekterer over val av metode. Eleven forklarar ut frå fleire årsaks- og verknadsforhold. 		<ul style="list-style-type: none"> Eleven bruker og tilpassar ulike samfunnsfaglege metodar og reflekterer over val og bruk av metode. Eleven forklarar ut frå samansette årsaks- og verknadsforhold. 	
Demokrati-forståing og deltaking Identitets-utvikling og fellesskap	<ul style="list-style-type: none"> Eleven forklarar korleis framstillingar av fortida, hendingar og grupper har påverka og påverkar folks haldningar og handlingar på ein enkel måte Eleven kan nemna nokre årsaker til og konsekvensar av sentrale og notidige konflikhtar, terrorhandlingar og folkemord Eleven har nokre innspel til korleis handlingar og haldningar kan førebyggjast Eleven nemner nokre døme på korleis identitet, sjølvbilete og eigne grenser blir utvikla og blir utfordra 		<ul style="list-style-type: none"> Eleven forklarar korleis framstillingar av fortida, hendingar og grupper har påverka og påverkar folks haldningar og handlingar Eleven gjer greie for nokre årsaker til og konsekvensar av sentrale og notidige konflikhtar, terrorhandlingar og folkemord Eleven har nokre refleksjonar over om endringar av nokre føresetnader kunne hindra konfliktane, og korleis ekstreme handlingar og haldningar kan førebyggjast Eleven reflekterer i nokon grad over korleis identitet, sjølvbilete og eigne grenser blir utvikla og blir utfordra 		<ul style="list-style-type: none"> Eleven drøftar korleis framstillingar av fortida, hendingar og grupper har påverka og påverkar folks haldningar og handlingar Eleven gjer greie for årsaker til og konsekvensar av sentrale og notidige konflikhtar, terrorhandlingar og folkemord Eleven reflekterer over om endringar av nokre føresetnader kunne hindra konfliktane, og korleis ekstreme handlingar og haldningar kan førebyggjast Eleven reflekterer over korleis identitet, sjølvbilete og eigne grenser blir utvikla og blir utfordra 	



<p>Berekraftig samfunn</p>	<p>○ Eleven bruker gitte samanhengar mellom geografiske, historiske og notidige forhold for å klargjera samfunnsfaglege tema/problemstillingar.</p>	<p>○ Eleven identifiserer og bruker samanhengar mellom geografiske, historiske og notidige forhold for å klargjera samfunnsfaglege tema/problemstillingar.</p>	<p>○ Eleven identifiserer og bruker og kombinerer samanhengar mellom geografiske, historiske og notidige forhold for å klargjera samfunnsfaglege tema/problemstillingar.</p>
----------------------------	---	--	--

KOMPETANSEMÅL

- bruka samfunnsfaglege metodar og digitale ressursar i eigne undersøkingar, presentera funn ved hjelp av digitale verktøy og drøfta kor gyldige og relevante funna er
- vurdera på kva måtar ulike kjelder gir informasjon om eit samfunnsfagleg tema, og reflektera over korleis algoritmar, einsretta kjelder eller mangel på kjelder kan prega forståinga vår
- drøfta korleis framstillingar av fortida, hendingar og grupper har påverka og påverkar folks haldningar og handlingar
- utforska korleis teknologi har vore og framleis er ein endringsfaktor, og drøfta innverknaden teknologien har hatt og har på enkeltmenneske, samfunn og natur
- reflektera over korleis menneske har kjempa og kjempar for forandringar i samfunnet og samtidig har vore og er påverka av geografiske forhold og historisk kontekst
- samanlikna korleis politiske, geografiske og historiske forhold påverkar levekår, busetjingsmønster og demografi i ulike delar av verda i dag
- gjera greie for årsaker til og konsekvensar av sentrale historiske og notidige konfliktar og reflektera over om endringar av nokre føresetnader kunne ha hindra konfliktane
- gjera greie for årsaker til og konsekvensar av terrorhandlingar og folkemord, som holocaust, og reflektera over korleis ekstreme haldningar og ekstreme handlingar kan førebyggjast
- utforska og beskriva korleis menneske- og urfolksrettar og andre internasjonale avtalar og samarbeid har noko å seia for nasjonal politikk, menneskes liv og likestilling og likeverd
- gjera greie for fornorskinga av samane og dei nasjonale minoritetane og urettferda dei har vorte utsette for, og reflektera over kva konsekvensar det har hatt og har på individ- og samfunnsnivå
- beskriva ulike dimensjonar ved berekraftig utvikling og korleis dei påverkar kvarandre, og presentera tiltak for meir berekraftige samfunn
- vurdera korleis arbeid, inntekt og forbruk kan påverka personleg økonomi, levestandard og livskvalitet
- reflektera over likskapar og forskjellar i identitetar, levesett og kulturuttrykk og drøfta moglegheiter og utfordringar ved mangfald
- utforska og reflektera over eigne digitale spor og moglegheita for å få sletta spora og verna om eigen og retten andre har til privatliv, personvern og opphavsrett
- reflektera over korleis identitet, sjølvbilete og eigne grenser blir utvikla og blir utfordra i ulike fellesskap, og presentera forslag til korleis ein kan handtera påverknad og uønskte hendingar
- reflektera over kva aktørar som har makt i samfunnet i dag, og korleis dei grunngir standpunkta sine
- utforska ulike plattformer for digital samhandling og reflektera over korleis digital deltaking og samhandling påverkar forma på og innhaldet i samfunnsdebatten
- beskriva sentrale lover, reglar og normer og drøfta kva konsekvensar brot på desse kan ha for den enkelte og for samfunnet på kort og lang sikt
- beskriva trekk ved det politiske systemet og velferdssamfunnet i Noreg i dag og reflektera over sentrale utfordringar